



Kim Robert Fureli
Gravdalslien 31
5165 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10496 - 20/35491

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
12.06.2020

Godkjend endring av tiltak - gbnr 233/177 Eide indre

Administrativt vedtak: Saknr: 605/20
Tiltakshavar: Kim Robert Fureli
Ansvarleg søkjar: Sveinung Seim AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3/20-4 § vert søknad om endra plassering av einebustad godkjent.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av einebustad , jf. vedtak datert 12.04.2019. Endringa gjeld endra plassering, ved at einebustad er flytta 2,08 meter mot sydvest.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.05.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.05.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå den dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel 2011 – 2023 er definert som LNF.

Dispensasjon

PMU i Lindås kommune har tidlegare gjeve dispensasjon frå LNF – føremålet for oppføring av einebustad og garasje, i vedtak datert 12.12.2018.

Nabovarsel

Omsøkt endring er ikkje nabovarsla ut over nabovarsling i 2019.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 18.10.2019.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 6,72 meter. Eigar av gnr. 234, bnr. 34 har godteke endra plassering av tiltaket.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspiktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 20/10496.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kim Robert Fureli
Sveinung Seim AS

Gravdalslien 31 5165
Fureberget 29A 5912

LAKSEVÅG
SEIM